

Høyringsfråsegn - Søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Voss kommune

Eigarane av gards- og bruksnummer 194/1, Nils Nyre og Solveig Bremertun Nyre, leverer med dette ei høyringsfråsegn mot Haugamoen kraftverk (saksnummer 201300015) med tiltakshavar VOSS ENERGI AS.

Her argumenterer me *imot* at denne søknaden om utbygging skal innvilgast. Underskrivarane meiner at det er tre gode grunnar til å avvisa søknaden:

1) *Bordalselva er eit verna vassdrag.*

Tre av sju søknader føreset utbygging i verna område; Haugamoen kraftverk, Urdlandselvi kraftverk og Kleivelvi kraftverk. «Bordalselva er verna mot kraftutbygging gjennom verneplan for vassdrag», står det i søknaden. Det er merkeleg at eit heilkommunalt selskap viser så lite respekt for intensjonane i Stortinget sitt vedtak om varig vern av vassdragsnaturen ovanom Vangsvatnet. Haugamoen og Løkjane er ein del av eit fjellandskap sør i Voss kommune, som allereie har måttta tola store inngrep pga. kraftmastene i Hardanger (monstermastene). Forøvrig er området lite utbygd med hyttefelt eller vegar, og bør såleis vernast både som kulturlandskap og vassdrag. Utbygging av småkraftverk bør skje i ikkje-verna område, og dette åleine er godt nok grunn til at søknaden frå Haugamoen kraftverk bør avvisast.

2) *Det vert stygge, synlege inngrep i natur- og kulturlandskapet.*

Haugamoen kraftverk føreset langt større synelege inngrep i kultur- og naturlandskapet enn dei seks andre søknadane. Det skal byggast eit røyrssystem som må byggast på pålar gjennom landskapet nederst i traseen, og dette er eit stort inngrep i naturen.

Frå søknaden: «Vassvegen på 1100 m skal gravast ned på störstedelen av strekningen, men det vil også vere eit parti der vassvegen går gjennom ein kolle, og i ca. 20 m vil røyret ligge på ei 20 m lang røyrbru over ei kløft. Røyret vil krysse elva ein stad.» Dette kan samanliknast med ordlyden i dei andre søknadane. Urdlandselvi: «Vassvegen på 1620 m skal gravast ned heile vegen». Storagroe: «Vassvegen vil bli eit 1700 m langt negrave røyr, sidelev skal overførast i ein 210 m lang tunell». Togrovi: «1050 m langt borehol, 100 m nedgraven røyrledning». Bjørndalen: «Vassvegen blir eit 1200 m langt røyr, som skal gravast ned heile vegen». Tverrelvi: «Vassvegen vil bli ein 1000 m lang bora tunnel, i tillegg til eit 100 m langt nedgrave røyr». Kleivelvi: «Vassvegen blir eit 175 m langt røyr som skal gravast ned heile vegen». Haugamoen kraftverk skal setjast opp i eit gamalt kulturlandskap knytt til stølsdrift. Det er to løypestrengar langs elva; ein som kjem heilt frå toppen av Løkjane og kryssar elva, og ein som går langs elva i Brubakkane. Kraftverket vert eit stygt inngrep som kjem til å dominera elveløpet, og som svekkjer verdien av Haugamoen og Løkjane som natur- og kulturlandskap. Det vil etter alt å døma vera nødvendig å bygga ny kraftleiing frå Tessdalen til Rong, og dette vert i seg sjølv eit stygt naturinngrep, som yttarlegare svekkjer grunnlaget for søknaden.

3) *Kraftverket vil produsera for lite energi til at utbygginga er økonomisk forsvarleg.*

Haugamoen kraftverk er eit lite kraftverk sjølv i kategorien småkraftverk. «Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 2,86 GWh.» Dette er den minste produksjonen av alle sju søknadane. Til samanlikning vil Tverrelvi kraftverk produsera 13,5 GWh, Togrovi kraftverk produsera 9,4 GWh, Storagroe produsera 9,0 GWh og Bjørndalen 7,2 GWh. Det må vera eit

berekraftig samsvar mellom inngrep og verdiproduksjon, og for Haugamoen kraftverk er det ikkje eit slikt samsvar. Sidan det truleg må byggast ny kraftleiing frå Tessdalen til Rong, vil dette verta ein stor kostnad som forverrar økonomien i prosjektet.

Grunneigarane meiner at søknaden til Haugamoen kraftverk må sjåast i samanlikning med dei seks andre, og at Haugamoen kjem systematisk dårlig ut:

- 1) Utbygginga skjer i eit verna vassdrag, og dette er i strid med Stortingsviljen.
- 2) Utbygginga skapar stygge, synlege inngrep i natur- og kulturlandskapet, verst av det som vert skildra i dei sju søknadane.
- 3) Utbygginga produserer minst energi av dei sju føreslårte prosjekta.

Konklusjonen er at konsesjonssøknaden frå Haugamoen kraftverk bør avvisast.

Voss, 10. mars 2017,

Sign.

Nils Nyre Solveig Bremertun Nyre Lars Nyre Njål Nyre

Kontaktperson: Lars Nyre. Epost: Lars.Nyre@uib.no.